



# PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 2, 65. ÅRGANG, 2026



## KONFIRMANTAR 2026

FREMST FRÅ VENSTRE: Oliver Tvenge, Marcus Røgden Lykken Melby, Vetle Nybråten Damstuen, Juul Müller, Ole Helle Steinsrud, Bertine Skrebergene Lykken, Åsne Engen Andersen, Vilde Uhre Haalien og Jolinde Goretzka.

2. REKKE: Justas Scelys, Brage Berger Myreng, Sofie Gram-Sebu, Ingrid Aasdokken Robøle, Ella Heensåsen Fauske, Tomine Nilsen, Synnøve Berge Aastveit og Malene Hulen Bjørk.

3. REKKE: Aleksander Scelys, Terje Elias Hines Giljarhus, Trym Brusveen, Emil Hedalen Skaret, Martin Bergli Skogen, Kristian Wangen Kolstadbakken og Håkon Andre Hansen-Rakstad.

4. REKKE: Sokneprest Ola Viker Lunde, Kristina Alund, Solveig Onstad, Synne Underdal Breiseth og Vårin Håvelsrud Svarre.

5. REKKE: Sondre Smedvig Nordmeland, Vetle Hegge Blomlie, Kristian Stalenget og Sander Rogne.

Jørn Aron Aasdokken er ikkje til stades på bildet.



## PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre  
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre  
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Ingrid Meyrick, Gunvor Hegge,  
Marit Hegde, Oddveig Holdal Weeg og Eli Vatn.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751  
Lay-out: designaskia.no  
Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

FRAMSIDE:  
Konfirmantar 2026  
Foto: Oddvin Almenning



## DEN NORSKE KYRKJA ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang,  
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggnes  
E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no  
KONTORTID: Alle dagar 10-14

Prost i Hadeland og Land er fungerande prost i Valdres

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
PROST: Tor Even Fougner	976 29 905
SOKNEPREST: Ola Viker Lunde	976 16 606
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARB.: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
KYRKJELYDSARB.: Marianne Straum	901 21 647

### SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE VIPPS: 513422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser  
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug  
Reinhaldar: Synnøve Rødningen  
Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE VIPPS: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal  
Kyrkjetenar: Svein Hegge  
Reinhaldar: Svein Hegge  
Soknerådsleiar: Lene Viste

LIDAR KYRKJE VIPPS: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum  
Kyrkjetenar: Harald Melby  
Reinhaldar: Harald Melby  
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE VIPPS: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum  
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne  
Reinhaldar: Svein Erik Rogne  
Soknerådsleiar: Wenche Melbybråten

## SOKNEPRESTEN HAR ORDET

### «Gravferda har funne stad i stillheit»



Det er ofte vi ser slike meldingar i avisa. Det står også gjerne «...etter avlidne sitt ynskje».

Det er både noko fint, men også noko vondt med dette. Ein skal respektere ynskjet til den avlidne. Det står fast. Nokre gonger går ynskjet på tvers av kva familien gjerne ville. Dei vil ha ei gravferd med minnesamvær og at alle er velkomne. Eller motsett: Den avlidne hadde stor vennekrets og var sosial i lag. Men familien vil ha ein enkel avskjed med berre familien. Om avlidne har skrive ned sine ynskje, bør det gå framfor andre meiningar. Den som har ansvaret for gravferda er i fylgjande rekkefølge: Ektefelle, barn, barnebarn, foreldre, sysken. Eks-ektefelle og eks-sambuar kan få ansvaret om dei blir spurde.

Gjennom mange år som kyrkjelydsprest har eg opplevd mykje fint i gravferder, men også noko vondt. Både familie, prest og kyrkjekontor har fått ein del telefonar frå folk som er djupt ulykkelege, sinte, skuffa og såra over å ikkje få beskjed, og fordi dei ikkje fekk ta avskil med den avlidne. Her snakkar vi om familie, gode vener, lag og foreiningar.

Og der vil eg kome med fylgjande råd:

Er du pårørende? Om det skal vera ei gravferd i stillheit, sørg for å inkludere alle du trur gjerne vil delta. Bruk tid på dette!

Og for å lette arbeidet til dei som står deg nær, så ta for deg desse punkta:

1. Kven vil du skal stå for gravferda? Dokumenter!
2. Skriv ned korleis du vil ha gravferda. Grav eller kremasjon?
3. Om du har budd fleire stader og har familiegrav ein anna stad, kvar vil du ha gravferda?





## Tolv traner

AV: ELI VATN  
FOTO: PRIVAT

### TOLV TRANER

*Tolv traner  
i låg flyt over toppene.  
Tolv vide vengepar  
i rekke ...rekke ...rekke ...*

*Ei vinget line av vårsangen  
som Gud dikter  
bak fjella i sør.*

*Jeg står i suset av vengeslaga  
ei stutt, pulsheit stund. –  
Det er snø på myrene ennå, tenker jeg,  
- og is på vatna.*

*Selv Gud dikter forgjeves  
i dette tause landet,  
dette krogkrygg-landet  
hvor menneskene ser opp  
bare hver gang de spår uvær  
snø på myrene,  
is på vatna.*

- Hans Børli

Våren kjem med eit skrik! Fyrste gong visste eg ikkje om eg heilt torde å tru det eg hørde, men med fleire skrik vart eg sikrare på at det var tranene. Og så ser eg dei, mektige, rett over hovudet mitt, og eg trur faktisk at eg såg ein flokk på tolv her i vår. Eg kan kjenne meg litt treft av Hans Børli sine ord i diktet Tolv traner. Eg trur det ikkje før eg får sjå det, og kan hende er det slik at vi gløymer å sjå etter vår- eller sommarteikna og «ser opp» berre når det vert varsla uvêr. Men eg får òg lyst til å forsvare oss; peike på at vi stundar mot sumaren, og når sola skin, når hestehoven bryt gjennom i grøftekantane eller når vårregnet fornyar og vaskar alt kring oss, kjenner vi at verda er god, og kan hende takkar vi til og med Vårherre? Gjer vi ikkje det?

Det handlar om forventning, om håp, både Børli sitt dikt, våren og tekstane som vert lesne i kyrkjene våre i tida etter påske. 4. søndag etter påske var preiketeksten frå Johannes evangeliet:

«Jesus visste at dei ville spørja han, og han sa: «Snakkar de om det eg sa: 'Om ei lita stund ser de meg ikkje, og om endå ei lita stund skal de få sjå meg'? Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: De skal gråta og klaga, men verda skal gleda seg. De skal sørgja, men sorga

skal vendast til glede. Når ei kvinne skal føda, er ho uroleg, for tida hennar er komen. Men når ho har fødd barnet, hugsar ho ikkje lenger kor vondt ho hadde, så glad er ho fordi eit menneske er fødd til verda. På same måten er det med dykk. No er de fylte av sorg, men eg skal sjå dykk att, og hjartet dykkar skal gleda seg, og den gleda skal ingen ta ifrå dykk.»

Å sjå Jesus igjen kan handle om så mykje; for Jesu disiplar handla det om å få sjå att den oppstadne Kristus etter døden på krossen. For oss kan det handle om eit håp for oss sjølve og våre når vi går ut av denne verda slik vi kjenner henne, men det kan òg handle om å sjå *Det gode* i denne verda. Det kan vera vanskeleg, eg seier ikkje anna, spesielt når verda ser trugande ut med krig, klimatrugsmaal og mektige menn med despotiske handlingar, eller når vi sjølve står midt oppe i ei krise. Men det handlar om å «sjå opp». Omvende seg, kallar nokon det, og kan hende vi må snu oss og vende blikket «oppover», finne trøyst i orda Jesus her trøyster sine vener med. Det kan òg hende vi skal snu blikket mot alle teikn på lys, varme og gode krefter. Og ikkje minst vera ein del av det for andre å vende blikket sitt mot.



Foto: Saskia Aleida Van Veen.

Da jeg spurte Kjersti om hun ville bli intervjuet til Verdivandring i menighetsbladet, trodde jeg hun var ukjent med bygda Beitostølen. Det viste seg å ikke stemme. Hun og ektemannen Ove har hatt hytte og leilighet på Beitostølen i mange år. Men det er først nå de har flyttet permanent hit, like i nærheten av Helsesportsenteret.

TEKST: OLA VIKER LUNDE - FOTO: PRIVAT

**H**un forteller at hun hadde sine første år på Strømmen og kom til Harestua på Hadeland som 9-åring.

Der vokste hun opp og har bodd mesteparten av livet. Kjersti og Ove har vært bestyrere på Sandungen gård i Nordmarka i 13 år, før de kom hit til kommunen.

Hva har du ellers drevet med?

Jeg har jobbet med barn og unge, både i barnehage, på skole, speider og menighet. Jeg liker å drive med kreativ kunst. Alt fra musikaler til drama og kreativt arbeid. Jeg har jobbet på rehabiliteringsgård.

Kjersti fortsetter: Jeg er glad i å jobbe med mennesker. Jeg liker å snakke, lytte og hjelpe mennesker. Jeg fikk en veldig fin opplevelse på en kristen leir som 14-åring. Jeg kjente at noen sa til meg: «Gud har ingen barnebarn, bare barn.» Det ga meg en trygghet og selvtillit som har fulgt meg siden.

Et bibelord jeg er glad i er ordspråkene 4.23: "Bevar ditt hjerte fremfor alt du bevarer, for livet utgår fra det".

Turister og fastboende ser ofte Kjersti gå tur med hunden.

Du har en stor hund, sier jeg.

Ja, han heter Kompis. Alle vil bort og hilse på ham, og han elsker mennesker! Så han er en slags terapihund?

Kjersti ler: Joda. Barna på Helsesportsenteret kommer ofte bort til ham og vil kose. Alle ser at han er veldig snill.

Hva er det du er opptatt av med mennesker?



Å være et medmenneske. Å finne gullet i menneskene jeg treffer. Å møte mennesker som tenker annerledes enn meg er spennende og utvider min måte å tenke på. Humor, selvironi er mine verktøy. Jeg har bare opplevd raushet og godhet fra de fastboende og hyttefolket på Beitostølen.

Du har en Facebook-side, fortell litt om den.

Ja, den heter «Skaperhjerter». Jeg satt på Sandungen i en stol i en periode det var stille, så skrev jeg, malte og tegnet, og la det ut uten å tenke noe særlig over det. Det ble et viktig talerør for mine tanker. Om det hjelper noen andre, er det verdt det.

Tusen takk for praten, Kjersti!



*Tyst lille spire av kritikk Du så ikke hva de gjennomgikk  
Du så ikke sjelen. Du så kun en sak  
Du så ikke alle ting som lå bak*

*Tyst lille spire av kritikk. Ødelagt liv kan skje med et klikk  
Når du et liv på mobilen holder  
Så vet vi jo ei hva klikket vårt volder*

*Tyst lille spire av kritikk Du spire som vokser  
Og gir vonde stikk Så andre blir smittet  
Og begynner fundere Og legger til kritikken enda mere*

*Tyst lille spire legg deg og dø  
Og la deg forandre til kjærlighetsfrø*

*Lar vi røttene våre vannes i Kilden, eller er det likegyldig  
hvilke kilder som påvirker oss?  
På frukten skal treet kjennes*

*Fra Skaperhjerter*



## KYRKJEVERJA HAR ORDET

### Tilskot til Øystre Slidre fellesråd

Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd har nyleg fått tre tilskot frå kyrkjebevaringsfondet, noko vi er svært takksame for. Dette gjev oss høve til å ta nødvendig vare på viktige kulturminne i bygda.

Det største tilskotet går til eit hovudprosjekt for reparasjon og måling av Hegge stavkyrkje. Dette arbeidet er etterlengta – kyrkja vart sist måla i 1975. Planen er at arbeidet skal gjennomførast i løpet av sommaren, slik at kyrkja igjen kan stå fram i god stand for både brukarar og besøkande.

I tillegg er det sett i gang eit forprosjekt knytt til taket på Hegge. Ei vurdering frå 2025 peika på at det er viktig å sjå nærare også på takkonstruksjonen, slik at ein får eit godt grunnlag for vidare vedlikehald.

Det tredje tilskotet gjeld eit forprosjekt på Lidar kyrkje. Her skal ein undersøkje kvifor målinga har skalla av fleire stader, og finne gode løysingar for utbetring. Om alt går som planlagt, er det håp om å kunne gjennomføre ny måling alt neste år.


Samtidig som vi gleder oss over desse tilskota, står fellesrådet framleis i ein krevjande økonomisk situasjon. Rekneskapen for 2025 viste eit lite overskot, men dette må i hovudsak nyttast til å dekkje opp tidlegare underskot. Vi må derfor rekne med fleire år med nøktern drift og avgrensa investeringar for å byggje opp ein sunnare økonomi.

Det betyr at den daglege drifta vil gå som vanleg, men at større tiltak utover dei som no er nemnde, må vente. Gjennom ansvarleg forvaltning og målretta arbeid håpar vi å sikre både god drift og godt vern av kyrkjene våre i åra som kjem.





Gruppene måtte løyse ei «oppvarmingsoppgåve» før dei fekk utdelt tårnagentbevis.



Magne Olav losa oss gjennom ein musikkrebus på kyrkjeorgelet.



2. - 3. MAI VAR  
TIL SAMAN TI

3.-KLASSINGAR

med på  
Tårnagenthelg  
i Lidar kyrkje,  
der dei dyktige

agentane skulle bli

kjende inne i og utanfor kyrkja  
gjennom å løyse ulike oppgåver.

Høgdepunktet var nok at vi fekk  
besøk av politiet! Søndag deltok  
agentane på gudstenesta.

Takk til Vårin, Synnøve, Justas,  
Kristian og Bente for god hjelp!



Ein tur opp i klokketårnet høyrer så klart med.



Utan mat og drikke...



Alle fekk prøve korleis ein går fram for å ta fingeravtrykk.



Politiet fortalde om kvardagen sin og korleis dei arbeider med ulike typar saker.



Testing av blålys og sirener.



# Barnas



Gi bladet **Barnas** til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn 5 feil

Desse to bilde er nesten heilt like. Klarar du å finne 5 feil på det eine bildet?



Teikning: Trevor Keen




## Vits:

- Driv du med sport?
- Ja, eg speler sjakk.
- Det blir du vel ikkje sliten av!
- Jo, eg blir heilt matt.

## Labyrint

Sakkeus var ein av dei som møtte Jesus då Jesus gjekk omkring på jorda. Hjelp Sakkeus med å finne vegen gjennom treet.



Teikningar: Asbjørn Tønnesen

## Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

גכקקק כז דלז דכזז

Det mystiske agentalfabetet:

η ] z Δ α 7 1 h 2 7 4 Γ ε ζ ο υ ϑ ρ κ λ ϕ Δ υ δ λ ζ γ y <   
 A B C D E F G H I J K L M N O P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å

## Vits:

- Mamma sa eg måtte velje mellom skulen og fotballen.
- Det var då kjipt!
- Ja, eg saknar klassen litt.



Soknepresten vil vise sine fire stolaer, forklare symbola som er brukt og korleis desse fylgjer kyrkjeåret både i fargar og symbol.

Ein stola er eit farga, 8-12 cm breidt band som prestar og diakonar ber over den kvite, vide drakta, albaen, den liturgiske drakta dei har. Prestar ber stolaen over akslene slik at stolastolpane heng rett ned. Diakonar ber stolaen på kryss over bringa frå venstre skulder og samlar stolpane på høgre sida. Stolaen var opprinneleg ein duk til å legge på venstre skuldra og vart brukt til å turke sveitte med.

## De fire stolaer. Del 2


TEKST & FOTO: OLA VIKER LUNDE

**F**argene er ein viktig del av kyrkja sitt symbolspråk. Det er med på å gje rikdom til liturgiane og er synlege uttrykk for kyrkjeårstider og feiringar. Gjennom kyrkja si historie har forskjellige farger og fargenyansar vore i bruk, avhengig av tradisjonar, geografi og kultur. Det er likevel fire liturgiske hovudfarger som går igjen.

- Kvitt (eller gyllent) er fargen for Kristus-høgtidene, fest og glede.
- Fiolett er fargen for førebuing, bot og sorg.
- Raudt er fargen for Anden og kyrkja, blod, eld og martyrium.
- Grøn er fargen for vekst og livskraft.

Denne tida er det raudt som er fargen. Denne brukar vi i pinsen, Aposteldagen, Olsok og 2. juledag, samt i innsettingsgudstenester.

**PINSEN:** Pinsen er ei kristen høgtid som blir feira den sjuande sundagen etter påske. Då feigar vi minnet om at Den Heilage Ande kom til apostlane og let dei snakka andre språk og oppfatte framande språk som sitt eige, slik vi les om i Det nye testamentet. Slik kunne alle folkeslag forstå bodskapet om Jesus. Dette blir sett på som byrjinga på utbreiinga av kristendommen og



som oppstarten for dei fyrste kristne kyrkjelydane. I mange kyrkjefamfunn, særleg protestantiske, markerer vi fyrste pinsedag difor som «kyrkja sin fødselsdag». Pinsen er den tredje største festen i kyrkja etter jul og påske. Fyrste pinsedag blir alltid feira 49 dagar etter fyrste påskedag. Om vi set fyrste påskedag som dag nummer éin blir fyrste pinsedag dermed dag nummer femti. Ordet pinse kjem frå det greske ordet pentekosté, som betyr nettopp femtiande.

### **APOSTELDAGEN OG OLSOK:**

Aposteldagen, 6. sundag i treeiningstida, handlar ikkje berre om dei fyrste trusvitna vi har i kyrkjehistorien, men også om at kvart enkelt menneske har eit kall frå Gud til å vere eit vitne i verda og dele trua. Vår stemme kan gi mot og styrke til andre slik at dei kan vitne om si kristne tru.

### **STEFANUSDAGEN (2. JULEDAG):**

Den 26. desember, altså andre juledag, blir også kalla Stefanusdagen. Den dagen blir feira til minne om den fyrste martyren i kyrkja, diakonen Stefanus.

Den liturgisk fargen er raud, også kalla martyrfargen. Difor skifter vi farge på altaret for gudstenesta denne dagen. Vi kan lese om Stefanus i Apostelgjerningane 6,8- 7,60.

Apostelgjerningane kap. 6,1-6 fortel at Stefanus var ein av sju diakonar i den fyrste kyrkjelyden. Diakon betyr tenar. Dei sju vart utvalde til å ta seg av "tenesta ved borda". I dei fyrste kristne kyrkjelydane åt dei saman kvar dag. Dess fleire dei vart, dess viktigare vart det også å ha nokon som tok hand i organiseringa av matutdelinga.



# MIN SALME

**INNSETTING:** Når prestar, kateketar, prostar, biskopar og diakonar blir innsette i tenesta, brukar vi raud stola. Raudt er symbol for Den Heilage Ande, blod, eld og kyrkja og er ein viktig del av trua og tenesta.

## SYMBOLIKKEN PÅ STOLAEN:

**DUA:** Dua er eit symbol på Den Heilage Ande. Vi les om Jesu dåp, der Den Heilage Ande viste seg som ei due. Dua er også eit fredssymbol.

**FOR MEG:** For meg handlar dua om dåpen. Vi blir gitt Den Heilage Ande i dåpen, og denne blir ei forsikring om at vi alltid har ein plass hos Jesus.

**ELDTUNGE:** Eldtunga er eit synleg teikn på at Den Heilage Ande blir gitt til den som trur. Vi har alle våre nådegåver, det gjeld å finne ut kva dei er.

**FOR MEG:** For meg handlar eldtungene om lovnaden som blir stadfesta av Den Heilage Ande.



## Å salige stund uten like.

Denne salmen har vore dyndlingssalmen min frå lang tid tilbake. Han er ein jubelsong, som er flott å høyre på og flott å syngje! Ingen fullkomen påskedag for meg utan denne.

Salmen er skriven i 1890 av Johan Halmrast (f.1866 på Lillehammer, d.1912 i Oslo). Den fyrste tittelen var "Maria Magdalenas jubel", men vart endra til "Å salige stund uten like" i 1906. Salmen vart raskt trykt i ei rekkje sangbøker, men fyrst i 1924 publisert i "Landstads reviderte salmebok"

Teksten skildrar påskebod-skapen gjennom Maria Magdalena sine augo, frå sorg ved grava til jubel over at Jesus lever. Maria Magdalena var ei kvinne som Jesus hadde hjelpt ut av ei personleg krise. I takkemd fylgde ho Jesus og læresveinane og støtta dei både økonomisk og elles. Ho var dessutan vitne til krossfestinga og Jesu død.

I fylgje Bibelen, gjekk Maria tre dagar etter krossfestinga til hagen der Jesus vart gravlagd i ei klippehole. Ho ville salva kroppen hans, slik mange gjorde på den tida. Men ho fann ei tom grav. Då møtte ho ein mann ho trudde var gartnaren, og ba han fortelja henne kvar dei hadde gjort av Jesu kropp.

Då sa mannen namnet hennar og ho kjende han att. Det var Jesus! Maria skunda seg til læresveinane og fortalde at ho hadde møtt Jesus Kristus levande i hagen!

Johan Halmrast, som var djupt religiøs, har greidd å formidle Maria si sterke oppleving på ein so inderleg måte at salmen verkeleg blir ein jubelsong.

Melodien er komponert i 1890 av Kristian Wendelborg (f.12.febr. 1863 i Eiker d.10 febr.1938 i Oslo). Han var mest kjend for korpsmusikk, men var mangeårig organist i Sagene kyrkje.

I "Koralbok" for 1926 er ein melodi av Ludvig Dahl nytta til salmen. Fyrst i 1947 vart Wendelborg sin melodi funnen akseptabel til kyrkjebruk, sjølv om han for lengst var teken i bruk uoffisielt.

Salmen er oversett til dansk og islandsk og blir brukt i både kyrkjer og bedehus.

- Berit Robøle Hegge

*Å, salige stund uten like, Han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike, Min sjel, hvorfor sørger da du?  
Han er ikke lenger i graven, Hvor bleknet i døden han lå,  
Jeg levende så ham i haven, Og aldri så skjønn jeg ham så.*

*Han lever, og jeg skal få bringe Hans venner det salige ord -  
Tenk, jeg som er ringest blant ringe, Den minste han kjenner på jord.  
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære, Å, kunne jeg syngte det ut!  
Å, kunne ei engler begjære Å gå med så salig et bud!*

*Å, salige stund uten like, Han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike, Min sjel, hvorfor sørger da du?  
Du søkte din trøst i den døde, Og dvelte ved gravnatten kun,  
Så fikk du ham levende møte, Å, salige, salige stund!*



# Æ du heime?

I FORRIGE KYRKJEBLAD SKREIV VI OM DET «Å STIKKE INN I DØRE TE INAN». VI HAR INVITERT NOKRE I BYGDA TIL Å SEIA LITT OM DETTE OG SVARA PÅ DESSE SPØRSMÅLA:

Av: MARIT HEGDE

- 1) Kva tenkjer du om denne tradisjonen?
- 2) Har du vore innom nokon utan å vere bedt?
- 3) Trur du tradisjonen har endra seg, eller vorte borte? Eventuelt kvifor?
- 4) Er det forskjell mellom generasjonane?



TORGER HEGGE SVARAR:

- 1) «Å stikke inni døre te inan» er ein fin tradisjon som ein burde vere flinkare til å halde ved like.
- 2) Eg har nok vore innom hjå nokon utan å vera bedt, men det er ikkje ofte, dessverre.
- 3) Ja, eg trur at denne tradisjonen har endra seg mykje. Det varierer sikkert frå bygd til bygd, men eg trur generelt at det var mykje meir av dette før. Det er muleg ein kan skulde noko på koronaen, men eg trur det er del av ei utvikling som starta lenge før den. Folk hadde liksom betre tid før, og det var vanlegare å berre stikke innom til kvarandre.
- 4) Eg synest at det er forskjell mellom generasjonane, men eg trur ein må eit par- tre generasjonar tilbake før det å gå til kvarandre ubedt var vanleg. Eg har ikkje inntrykk av at dei som er foreldre og besteforeldre i dag er flinke til å besøke kvarandre utan å vere inviterte. Men eg hugsar godt at mine besteforeldre og deira generasjon, som var fødde rundt 1920, ofte stakk inni døra til kvarandre. Eg har gode minne frå at eg var med på besøk til folk i bygda som har vore borte i mange år no. Det vart alltid servert kaffi sjølv om ein kom ubedt. Det var hyggeleg, og eg fekk høyre mykje om korleis livet hadde vore «før i ti'n».



KARI ØNSTAD SVARAR:

Tradisjonen med å «stikke inn i døre te inan» er noko eg kjenner godt til. Det var veldig vanleg i min barndom. Eg vaks opp med besteforeldre og foreldre som stadig hadde grannar og bygdefolk innom på ein kaffikopp og ein prat, rett som det var, ja, nesten dagleg. Mor mi hadde mange inni døre, og då vart det mang ein kaffikopp på kjøkkenbordet, nokre gonger endå med eit kakestykke. Hadde ho ikkje kake, så smurde ho ei kakeskive. Mange røykte den tida, så då vart det kaffi og ein røyk. Far min, som gjekk bort ved juletider, held denne tradisjonen ved like. Han stod plutselig utanfor døra til folk utan at det var avtala. Dei fleste trur eg syntest dette var triveleg.

Eg stikk inni døra til kjenstfolk utan avtale, men i mindre grad enn før. No er det vorte meir vanleg å sende ei melding og spørja om folk er heime og om det passar. Slik har det vorte fordi vi dreg på denne mobilen overalt, og mange har (tilsynelatande) meir travle og planlagde liv.

Eg trur dei fleste menneske har behov for å møte andre. I dag har vi mange organiserte møteplassar, og det er bra. Men eg trur veldig mange også har behov for uformelle møteplassar, utan «program». Tenk så hyggeleg at nokon har lyst til å koma innom til akkurat meg, og som er interessert i å høyre korleis eg har det og lever. Så kunne vi klare å halde på tradisjonen med å «stikke inni døre te inan», så trur eg det hadde vore fint. Mange pratar om «dørstokkmile». Korleis kan den forserast, tru?

*Ja, denne tradisjonen har mange av oss gode erfaringar med, men alle er einige om at vi gjer det for lite. Så utfordringa er gitt; hiv deg på sykkelen, i bilen eller på føtene og stikk inn i døra til nokon! Dei fleste vil bli glade for det!*



ODDVAR EIKREN SVARAR:

- 1) Det er ein flott tradisjon, synest eg!
- 2) Å gå til nokon utan å vera bedt var nok vanlegare før; i oppveksten og framover, men det har vorte mindre av det no i seinare tid. Eg gjer det nok framleis, men i mykje mindre grad enn før. Mange av dei eg besøkte før i tida er borte, så det er ikkje så mange att av dei lengre. Men det er nokre eg stikk innom til.
- 3) Om tradisjonen har endra seg, eller vorte borte er ikkje godt å seia, men folk er kanskje meir opptekne, det er meir TV og liknande. Det er kanskje endå meir å vera med på også.
- 4) Det er nok forskjell mellom generasjonane Dei unge går kanskje sjeldnare, og det er litt synd. Det er veldig triveleg å stikke innom utan å vera bedt, det er òg moro å få besøk slik, litt uventa, folk som berre stikk innom for å ta ein kaffikopp og prate litt. Eg saknar det. Eg har vore borte i dag, eg, og besøkt nokon eg ikkje var bedt til, og dei sette veldig pris på at eg kom. Dei sa at eg berre måtte stikke innom att, det var moro å få besøk.

## ANNE MARIE MØRSTAD

har skrive eit lite dikt om dette:

### STILLE SAMVÆR

To koppar på bordet, ein dempende prat,  
I rommet ei roleg, felles takt  
Ingen krav om store ord,  
berre at du er her, ved mitt bord.



# Minneord

Like før Kyrkjebladet skal i trykken, får vi bod om at vår kjære prost måtte gi tapt mot sjukdomen som tok ei så lei vending. Han etterlet seg Valdresbygdene i sorg, og tankane våre går aller fyrst til Eli og resten av familien. Vi lyser fred over Carl Phillip sitt gode minne og deler minneorda frå Hamar-biskopen.

- Redaksjonen

## Prost Carl Philip Weisser til minne

Prost Carl Philip Weisser døde 5. mai, 66 år gammel. Her er biskop Ole Kristian Bondens ord til avskjed for sin stedlige leder i Valdres prosti.

Weisser har vært knyttet til Hamar bispedømme som prest og prost i 32 år.

Prost i Valdres, Carl Phillip Weisser døde 5. mai på Gjøvik sjukehus, 66 år gammel.

Carl Philip kom til Hamar bispedømme i 1994, og var sokneprest i Vang i Valdres i 21 år. Siden 2016 har han vært prost i Valdres prosti.

Carl Phillip var i mange år leder av prostefaglaget i Hamar bispedømme. Han var blant mye annet engasjert i og en sentral drivkraft i Nasjonaljubileets markering i 2023 «Valdres i 1000 år».

Vi minnes Carl Phillip som en livsglad, optimistisk og omsorgsfull prest og prost. Egenskaper han bar med seg helt til det siste, også etter at han ble rammet av sjukdom. Han var opptatt av samspillet mellom kirke, kultur og natur. Han identifiserte seg med stedet han var, brukte naturen og deltok i kulturlivet. Han var opptatt av kirkebyggets betydning, sang og musikk og pilegrimsvandringar. Men framfor alt var han glad i folk. Og folk ble glad i Carl Philip. Han hadde dette glimtet i øyet, den gode historien og en barnlig lekenhet i seg.

Vi sørger over tapet av en venn og kollega, og minnes Carl Phillip med glede og takknemlighet. Våre tanker går til Eli, deres fem voksne barn og øvrig familie og venner.

Vi ber om fred med Carl Phillips gode minne.

Ole Kristian Bonden  
Hamar biskop




Foto: Ola Døhl



## KYRKJELEGE HANDLINGAR APRIL-JUNI 2026

### DÅP

**ROGNE KYRKJE**  
Torbjørn Myrvold Hummelvoll

**HEGGE STAVKYRKJE**  
Even Løvlie Myrvold  
Einar Nereng Skrindsrud  
Selma Berg Brateng

**VOLBU KYRKJE**  
Emilie Rødningen Blomlie

### VIGSEL

**LYSKAPELLET**  
Connie Nygaard og Pål Rolf Pettersen  
Tanja Bøhle Haugen og Knut Bjarne Aassveen

**ROGNE KYRKJE**  
Heidi Lien Nilssen og Tor Erik Strand

### GRAVFERD

**ROGNE KYRKJE**  
Marit Sandsengen  
Bjørge Nyhagen Robøle  
Kari Haugen  
Laura Hoviosen

**LIDAR KYRKJE**  
Gudny Toshev

**VOLBU KYRKJE**  
Olav Onstad  
Eli Granli Helland  
Ola Håkon Botterud  
Carl Philip Weisser

**HEGGE STAVKYRKJE**  
Anne-Lise Gjerdalen  
Gudmund Aastveit



# VELKOMEN TIL KYRKJE!

## FULLDISTRIBUSJON

### Juni

28 06 2026 Rogne kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse og dåp ved vikarprest Geir Wiknes

### Juli

05 07 2026 Hegge sokn 12.00  
Stølsmesse med dåp på Øystre Kjølsløsten hjå Anne-Kari Gjerdalen og Ole Kristian Oldre, ved vikarprest Eli Vatn og kyrkjemusikar Magne Olav Selland. Kyrkjekaffi. Ta med stol. Kjør stølsveg Robøle-Skaget.

12 07 2026 Rogne sokn kl. 12.00  
Stølsmesse på Rabalen hjå Grete Marie Rogne og Terje Kristiansen ved vikar og kyrkjemusikar Magne Olav Selland Kyrkjekaffi. Ta med stol. Kjør stølsveg Bergo-Rabalen/evt. Moane Fullsenn.

26 07 2026 Hegge stavkyrkje kl. 19.30  
Gudsteneste ved sokneprest Ola Viker Lunde.

### August

02 08 2026 Lidar sokn kl. 12.00  
Stølsmesse Heimre Hedalsstølen hjå Anders og Andrea Lie/Sissel og Oddvar Lie, ved sokneprest Ola Viker Lunde. Kyrkjekaffi. Ta med stol. Kjør stølsveg Mørken-Olevegen.

09 08 2026 Volbu sokn kl. 12.00  
Stølsmesse med dåp Nørre Trøllåsen, hjå Bjørg Kristin Skogen og Odd Ivar Opheim ved sokneprest Ola Viker Lunde. Kyrkjekaffi. Ta med stol. Kjør stølsveg Moane-Fullsenn.

23 08 2026 Lidar kyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» ved sokneprest Ola Viker Lunde.

23 08 2026 Rogne kyrkje kl. 13.00  
Høgmesse «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» ved sokneprest Ola Viker Lunde.

30 08 2026 Volbu kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse med dåp ved sokneprest Ola Viker Lunde. Pilegrimsvandring med konfirmantane til Hegge kyrkje.

30 08 2026 Hegge stavkyrkje kl. 17.00  
Gudsteneste ved sokneprest Ola Viker Lunde.

### September

06 09 2026 Rogne kyrkje kl. 13.00  
Høgmesse. Gullkonfirmanttreff ved sokneprest Ola Viker Lunde.

20 09 2026 Lidar kyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste ved sokneprest Ola Viker Lunde.

27 09 2026 Hegge stavkyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste ved sokneprest Ola Viker Lunde.

27 09 2026 Ø. S Helsetun kl. 16.30  
Gudsteneste ved sokneprest Ola Viker Lunde og kyrkjemusikar Magne Olav Selland. Kyrkjekaffi ved Rogne sokneråd.

### Oktober

04 10 2026 Volbu kyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste ved sokneprest Ola Viker Lunde.

18 10 2026 Lyskappellet kl. 11.00  
Gudsteneste ved sokneprest Ola Viker Lunde.

25 10 2026 Rogne kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse ved sokneprest Ola Viker Lunde.

### Gullkonfirmanttreff

6. september i Rogne kyrkje kl. 13.00.

Etter messa er det middag og festleg samvær i Rogne kyrkjestogo.

Alle som vart konfirmerte i Rogne kyrkje 20. juni 1976 får eiga innbyding med påmelding.

### Til deg som går i 9. klasse – har du tenkt på konfirmasjon?

Innskriving i Rogne kyrkje 25. august kl. 19.00-21.00. Alle ungdomar er velkomne som konfirmantar.

Er du ikkje døypt; ta kontakt med kyrkjekontoret.

Konfirmasjonsdatoar våren 2027 er 6. juni i Volbu og Rogne og 13. juni i Lidar og Hegge.

Fyrste samling blir 30. august i Volbu kyrkje kl. 10.00.

Gudsteneste med pilegrimsvandring frå Volbu, langs Vindeåne til Hegge stavkyrkje med gudsteneste kl. 17.00. Turen er for konfirmantar, føresette, fadrar og andre som vil vere med.

### Heilt

– utdeling av 6-årsbok!

Blir du 6 år i år?

Då er du hjarteleg velkomen til å få 6-årsbok den 23. august.

Lidar kyrkje kl. 11.00 for dei på Lidar skule og Rogne kyrkje kl. 13.00 for dei på Rogne skule.

Her vil du få utdelt 6-årsbok, ei bok om Bo og Nora, med både teikneseriar og bibelforteljingar. Vi feirar skulestarten din med ei heilt fyrsteklasses gudsteneste.

Er du medlem i Den norske kyrkja har vi adresse og du vil få eigen invitasjon. Om ikkje er du likevel hjarteleg velkomen, men vi når deg ikkje på anna måte enn her.

### Babysong

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering. Denne hausten tek vi og turen til Helsetunet der vi kombinerer babysongen med tilbodet dei har om dagsenter.

Rogne kyrkjestogo 25. august og 13. oktober kl. 11.00-13.00

Øystre Slidre Helsetun 15. september kl. 11.00-13.00

### Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskappellet.

### Salmekveld

Rogne kyrkjestogo kl. 19.00 24. august, 14. september og 12. oktober. Me samlast til salmesong, kaffi og god prat.

[www.skjerikirken.no](http://www.skjerikirken.no) -er ei felles infoside om alt som skjer i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE: [www.kyrkja.no/oystre-slidre](http://www.kyrkja.no/oystre-slidre)

FACEBOOK: /Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.